

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U63	14/1032

Saknr	Utval	Type	Dato
105/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
064/2014	Kommunestyret	PS	30.10.2014

Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Johansens servering og catering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavarar: Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes.
2. Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes vert også godkjend som styrar.
3. Serverings- og skjenkestaden får fritak for krav om avløyssar(stedfortreder).
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
 - Uteområdet ca. 100 m2 med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2016, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Det er ein føresetnad at verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 10. november.

Heimel

Serveringslova med forskifter og alkohollova med forskrifter

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen har overteke Sandneskafeen AS og søker om nytt serveringsløyve og alminneleg skjenkeløyve i samband med eigarskifte.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til 31.03.2016.

Uttale

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 08.10.14 gjeve slik uttale:

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til at Johansens servering og catering

v/Torfinn Johansen får tildelt serverings- og skjenkeløyve.

Lensmannen har i brev datert 01.10.14 gjeve slik uttale:

"Lensmannen viser til søknad av 24.09.14 og dykkar brev av 25.09.2014. Lensmannen har ikkje noko å merke til bevillingssøker/styrer.»

Sosialtenesta har i brev datert 08.10.14 gjeve slik uttale:

«NAV Masfjorden viser til alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune i perioden 2012-2016.

Målsetjinga i planen pkt 1 står det:

"Planen har som målsetjing å avgrense dei skader som alkoholforbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, redusera alkoholforbruket i tråd med nasjonal målsetjing".

Ut frå dette kan ikkje NAV Masfjorden tilrå at det vert gjeve serverings- og skjenkeløyve til Johansens servering og catering.»

Fakta

Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen har overteke Sandneskafeen AS og søker om nytt serveringsløyve og alminneleg skjenkeløyve i samband med eigarskifte. Inneverande løyveperiode går ut 31.03.2016.

Skjenkestaden er tidlegare lokala til Sandneskafeen AS, Gnr. 30, bnr. 23. Uteområdet er inngjerda og skjerma mot parkeringsplassen med tilgang frå lokalet.

Søknaden gjeld for alkoholkonsum under 22 %, dvs. gruppe 1 og 2.

Skjenkestaden skal ha 18 års aldersgrense.

Opningstidene er sett opp slik:

kl. 14.00 - kl. 18.00 på torsdagar og søndagar. kl. 14.00 - kl. 01.30 på fredagar og laurdagar.

Det er søkt om skjenketid både inne og ute frå kl. 14.00 til kl. 01.00.

Uteservering vil gjelde for 40 plassar og inneservering for 80 plassar. Både inneareal og uteareal er på 70 m².

Driftskonseptet er opplyst å vere catering til bedrifter, kommunen og privatpersonar ved førehandsbestilling.

Søkjjar har avlagt og greidd etablererprøven og kunnskapsprøven i alkohollova i Masfjorden kommune.

Verksemnda er førebels ikkje registrert hjå Mattilsynet. Masfjorden kommune har bed om at det vert lagt fram Skatteattest for løyvehavar. Denne bør ettersendast snarast. Skatteoppkrevjaren har

likevel opplyst at der ikkje er skatteavvik på vedkomande søkjar.

Område for eksisterande serveringsløyve og skjenkeløyve:

Johansens servering og catering overtek lokala til Sandneskafeen AS:

- Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage. Inngang frå/til hovudlokale.

Alle skjenkestader i kommunen har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 01.00. Fjellstovedrift har brennevinsløyve frå kl. 13.00 – kl. 24.00.

Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei skjenkestadene som har løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lensmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til den aktuelle søkjaren.

Skjenkestaden kan vanskeleg definerast som nærområde for barn og ungdom, slik det no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: "Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna dei fleste skjenkestadene.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Etter ei samla vurdering vert det gjeve skjenkeløyve mellom kl. 13.00 og 01.00 i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Som ein konsekvens av dette må reglane i alkohollova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for tilgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Søknader om ambulerande skjenkeløyve for skjenkestader som alt har løyve har tidlegare ført med seg ein god del unødig ekstraarbeid og rutinemessig sakshandsaming som no er effektivisert. Nye skjenkestader bør også få utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Søkaren har dokumentert gode kunnskapar om drift av serveringsstad og alkohollova sine reglar ved at styraren har greidd kunnskapsprøva og etablererprøven som kommunen har halde.

Konklusjon

Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen får serveringsløyve. Det vert også gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar. Det vert lov til uteservering på eit nærmare definert område.

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden fram til 31.03.16.

Torfinn Johansen vert godkjend som styrar medan det vert gjeve fritak for avløyssar slik det er søkt om.

Formannskapet - 105/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart vedteke mot 1 røyst (Krf)

FS - vedtak:

1. **Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavarar:**
Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes.
2. **Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes vert også godkjend som styrar.**
3. **Serverings- og skjenkestaden får fritak for krav om avløyssar(stedfortreder).**
4. **Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:**
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
 - Uteområdet ca. 100 m2 med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.**Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.**
5. **For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:**
Som alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. **Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.**
7. **Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2016, jfr. alkohollova § 1-7.**
8. **Det er ein føresetnad at verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 10. november.**

Heimel

Serveringslova med forskifter og alkohollova med forskrifter

Kommunestyret - 064/2014

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 2 røyster (Krf).

KS - vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavarar: Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes.
2. Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes vert også godkjend som styrar.
3. Serverings- og skjenkestaden får fritak for krav om avløyssar(stedfortreder).
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
 - Uteområdet ca. 100 m2 med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2016, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Det er ein føresetnad at verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 10. november.

Heimel

Serveringslova med forskifter og alkohollova med forskrifter